



No har korpset også fått trombonar, spela av Mia og Emilie

Skulemusikken, som var heilt nede i 8-9 aktive musikantar då dei streva som verst, får stadig meir vind i segla og er no oppe i 22. Det opplyste leiinga då den fyrste øvinga i haust vart halde i kveld. Målet er å koma opp i 28.

Korpset har fått 2 nye musikarar og 2 nye aspirantar har starta på kultuskulen. Det er også nye og positive nyhende på instrumentfronten ettersom dei har fått inn to trombonar og ein tuba. Tubaisten er Simon Taranger og trombonistane Mia Storevik Myklebust og Emilie Bringedal.



Tubaen er også på plass og det er Simon som trakterar den

Også administrativt er korpset no godt organisert. Styret har 5 medlemmer: Haldis Amalie Åkra, Hilde Bringedal, Anja Strüter, Anette Sund og Lene Taranger. Og styret er svært godt fornøgde med dirigenten Tor Skeie Olsen som har gjort mykje for å fremja eit godt miljø. No gjeld det å halda dampen oppe, held leiinga fram.
Tekst: Ola Matti Mathisen